

RAPPORTAR

83/23

PLANREKNESKAP FOR SØR-TRØNDELAG 1981-1992 HOVUDRESULTAT

AV
VIDAR OTTERSTAD OG HOGNE STEINBAKK

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY

RAPPORTAR FRÅ STATISTISK SENTRALBYRÅ 83/23

**PLANREKNESKAP FOR SØR-TRØNDELAG
1981 - 1992**

HOVUDRESULTAT

AV
VIDAR OTTERSTAD OG HOGNE STEINBAKK

STATISTISK SENTRALBYRA
OSLO — KONGSVINGER 1983

ISBN 82-537-1983-3
ISSN 0332-8422

EMNEGRUPPE
Miljø. Geografiske forhold

STIKKORD

Ressursrekneskap
Planrekneskap
Arealbruk
Fysisk planlegging

FORORD

I denne rapporten vert resultat frå arbeidet med planrekneskapen for Sør-Trøndelag presentert. Dette prosjektet er ein del av Statistisk Sentralbyrå sitt arbeid med å utvikle eit prøverekneskap for ressurskategorien areal. Planrekneskapen er ein del av ressursrekneskapen for areal og omfattar ein oversikt over planlagde arealbruksendringar. For fylka Østfold, Rogaland og Akershus er det også utarbeidd planrekneskap. Resultata frå desse fylka er presentert i serien Rapportar høvesvis nr. 82/35, 83/4 og 83/5.

Nokre hovudresultat frå arbeidet med planrekneskapen er også publisert i Statistiske Analyser nr. 46: "Ressursregnskap" og i Rapportar 82/5: Naturressurser 1981, frå Statistisk Sentralbyrå.

Ressursavdelinga i Miljøverndepartementet har finansiert prosjektet. Planleggjar Rolf Nielsen i Sør-Trøndelag fylkeskommune har hatt ansvaret for registreringane. Gruppe for ressursrekneskap i Statistisk Sentralbyrå har det faglege ansvaret for utviklinga av planrekneskapen.

Denne rapporten er utarbeidd av konsulent Vidar Otterstad og førstekonsulent Hogne Steinbakk.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 6. oktober 1983

Arne Øien

INNHOLD

	Side
Figurregister	7
Tabellregister	8
1. Innleiing	9
1.1. Bakgrunn og innhold	9
1.2. Formål	9
1.3. Samandrag	10
2. Opplegg og gjennomføring	11
2.1. Omfang, metode og datagrunnlag	11
2.2. Datakvalitet	11
3. Omgrep og kjenneteikn	12
4. Planlagd tilvekst i bebygd areal	14
4.1. Utbyggingsareal	14
4.2. Planstatus	16
4.3. Utbyggingsformål og byggeklart areal	18
4.4. Eigarforhold og planlagt erverv	24
5. Arealbruk	26
5.1. Arealbruk i Sør-Trøndelag	26
5.2. Noverande arealsituasjon i planteigane	28
6. Litteratur	32
Vedlegg	
1. Klassifisering av planlagde utbyggingsformål	33
2. Fig. 1 Kommunegrensér og tettsteder i Sør-Trøndelag	37
Fig. 2 Regioninndeling i Sør-Trøndelag	38
3. Klassifisering av planlagt bruk - Planrekneskapen 1981 - 1992	39
Utkomme i serien Rapportar frå Statistisk Sentralbyrå (RAPP)	41

Standardteikn i tabellar

- Null
- 0 Mindre enn 0,5 prosent
- 0,0 Mindre enn 0,05 prosent
- () Tal i parantes har større relativ uvisse enn 20 prosent.

FIGURREGISTER

	Side
1. Planlagt utbyggingsareal pr. 1000 innbyggjarar totalt og til bustad - og industri-/lagerformål. Sør-Trøndelag 1981 - 1992. Dekar	21
2. Planlagt utbyggingsareal pr. 1000 innbyggjarar til bustadformål etter kommune. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	22

TABELLREGISTER

	Side
1. Planlagt utbyggingsareal etter tidspunktet for byrja utbygging. Sør-Trøndelag 1981 - 1992 ...	15
2. Status for generalplanarbeidet pr. 1. januar 1981 for kommunane i Sør-Trøndelag og i heile landet.	17
3. Planlagt utbyggingsareal etter kommune og generalplanstatus. Sør-Trøndelag 1981 - 1992. Dekar	17
4. Planlagt utbyggingsareal etter utbyggingsperiode og generalplanstatus. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	18
5. Planlagt utbyggingsareal etter utbyggingsperiode og reguleringsplanstatus. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	18
6. Planlagt utbyggingsareal etter generalplanstatus og reguleringsplanstatus. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	18
7. Planlagt utbyggingsareal etter kommune og formål. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	23
8. Planlagt utbyggingsareal etter formål og tidspunkt for byrja utbygging. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	23
9. Planlagt utbyggingsareal etter formål og byggeklart areal. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	24
10. Planlagt utbyggingsareal etter tidspunkt for byrja utbygging og byggeklart areal. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	24
11. Planlagt utbyggingsareal etter reguleringsplanstatus og byggeklart areal. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	24
12. Planlagt utbyggingsareal etter formål og eigarforhold. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	25
13. Planlagt utbyggingsareal etter generalplanstatus og eigarforhold. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	25
14. Arealbruk i Sør-Trøndelag	25
15. Avgang av dyrka jord ved omdisponering etter jordlova, regulering etter bygningslova og ved oreigning i Sør-Trøndelag. 1969 - 1980	27
16. Bebygd areal i store tettstader i Sør-Trøndelag 1965 og 1975	27
17. Bebygd areal i store tettstader i 1975, etter arealbruk i 1965. Sør-Trøndelag	27
18. Planlagt utbyggingsareal etter kommune og neverande arealbruk. Sør-Trøndelag 1981 - 1992 ...	29
19. Planlagt utbyggingsareal etter generalplanstatus og neverande arealbruk. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	30
20. Planlagt utbyggingsareal etter reguleringsplanstatus og neverande arealbruk. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	30
21. Planlagt utbyggingsareal etter tidspunkt for byrja utbygging og neverande arealbruk. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	31
22. Planlagt utbyggingsareal etter lokalisering og neverande arealbruk. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	31
23. Planlagt utbyggingsareal etter formål og neverande arealsituasjon. Sør-Trøndelag 1981 - 1992	31

1. INNLEIING

1.1. Bakgrunn og innhald

I dei seinare åra har det frå ulike hald vorte sett fram ynskje om å betre styringa av ressursforvaltinga. Som eit resultat av dette vart det i 1974 oppretta ei ressursavdeling i Miljøverndepartementet. Denne avdelinga fekk m.a. som oppgåve å:

- samordne arbeidet i forvaltinga ved å gje ut regelmessig oversyn over mengde, tilstand og forbruk av naturressursar, bl.a. årvisse stortingsmeldinger (ressursrekneskap).
- lage utkast til prinsipielle retningsliner for bruken av naturressursane (ressursbudsjettering).

Arbeidet med ressursrekneskapen vart lagt til Statistisk Sentralbyrå, og Gruppe for ressursrekneskap vart oppretta 1. januar 1978.

Planrekneskapen er ein del av Statistisk Sentralbyrå sitt arbeid med å utvikle eit ressursrekneskap for areal¹⁾). Det omfattar eit oversyn over planlagde endringar av arealbruken.

Planrekneskapen er eit prøveprosjekt som omfattar fire fylke. Arbeidet tok til i Østfold i 1979 som eit samarbeid mellom Plan- og forurensningsavdelingen i Østfold fylkeskommune, Gruppe for ressursrekneskap ved Statistisk Sentralbyrå og ressursavdelinga i Miljøverndepartementet. Neste prøvefylke var Sør-Trøndelag der registreringa vart gjort i 1980. Oppdateringar av planrekneskapen har vorte gjort kvart år seinare. Imidlertid vart det ikkje føretatt nokon spesiell registrering av utbygde område i 1981. Dette gjer at ein ikkje kan få fram brutto-endringar i planlagt utbyggingsareal frå 1980 til 1981.

Sidan den første registreringa vart gjort i Østfold har opplegget vorte noko justert og forenkla. Oppdatering av planrekneskapen er under arbeid i alle dei fire prøvefylka. Denne rapporten inneheld resultata frå planrekneskapen i 12-årsperioden 1. januar 1981 til og med 1992 for Sør-Trøndelag (kapittel 4 og 5). Kapittel 2 inneheld nokre vurderingar av datakvaliteten, medan kapittel 3 tek føre seg ulike kjenneteikn ved det planlagde utbyggingsarealet som har vorte registrert.

1.2. Formål

Formålet med planrekneskapen er å gje ei framstilling av den arealpolitikken som kjem til uttrykk i den fysiske planlegginga. Kommunale Utbyggingsplanar i form av regulerings- og generaplanar har danna grunnlaget i registreringsarbeidet. Desse to planformene er dei to viktigaste reiskapane i arealplanlegginga.

Planrekneskapen vil gje oversyn over alt areal som vert omfatta av kommunale utbyggingsplanar, kvar arealet er lokalisert og kva dei skal nyttast til. Utgangspunktet for rekneskapen er reelle planar eller det som vert kalla aktuelle utbyggingsplanar.

Den konkrete fysiske planlegginga vert gjort i kommunane. Til no har ikkje data frå den kommunale planlegginga vorte summert opp til å gjelde større område som t.d. fylke eller landsdelar. Opplysningane frå planrekneskapen vil gje slike oversyn på fylkesnivå. Dersom rekneskapen vert utvida til å gjelde alle fylke, vil han gje tilsvarande oversyn for heile landet over t.d.:

- kor store areal som er omfatta av kommunale oversiktsplanar
- kva areal som vert planlagt nytta til utbygging
- kvar formål det vert planlagt til
- om eventuell utbygging samsvarar med planane.

Truleg vil ei grundig drøfting av arealressursane i fylkesplanen krevje ei samanstilling av dei kommunale utbyggingsplanane. Ei slik samanstilling vil gjere det lettare for staten og fylkeskommunen å ta stilling til om kommunane sine utbyggingsplanar samsvarar med overordna interesser og målsetjingar vedkomande arealbruken.

1) Statistisk Sentralbyrå (1981), kapittel 7. Ressursrekneskap for areal.

I tillegg til å gje informasjon om og til den fysiske planlegginga på ulike forvaltningsnivå, dvs. kommunar, fylkeskommunar og den sentrale statsforvaltninga, vil resultata frå planrekneskapen verte nyttar ved vurderingar av arealetterspørseren og arealbehovet. I samband med utviklinga av arealbudsjett i Miljøverndepartementet har planrekneskapen fått ein sentral plass.

1.3. Samandrag

Planrekneskapen er laga på grunnlag av kommunale utbyggingsplanar. Desse planane skal vere aktuelle for gjennomføring i laupet av ein planperiode på 12 år. Som datakjelde er i første rekke oversiktsplanar på generalplannivå nyttar. Men for å få eit fullgoda bilde av planlegginssituasjonen i kommunane, er også opplysningar frå reguleringsplanar tatt med.

Registreringseininga vert kalla planteig og vert definert som ei homogen og samanhengande planlagt arealbruksflate på minimum 2 dekar. Desse avgrensingane fører bl.a. til at eventuell utbygging utanfor planteigane (spreidd bustadutbygging og landbruksutbygging) ikkje vert registrert p.g.a. manglande planlegging ved denne utbyggingsmåten.

Uvisse m.o.p. folketalsutvikling og økonomisk utvikling krev eit visst rom for fleksibilitet og ein sikringsmargin på storleiken av det planlagde arealet. Ved sida av å syne dei områda som vert utbygde, vil klargjort utbyggingsareal vere eit verkemiddel til å få eventuelle nyetableringar til kommunen. Ut frå dette vil truleg dei kommunale planane dekke eit større areal enn det som strengt tatt vil syne seg naudsynt. Det vil i denne rapporten ikkje verte vurdert om det registrerte utbyggingsarealet står i rimeleg forhold til venta etterspørsel etter areal ut frå ei venta økonomisk utvikling, men ein vil berre knyte nokre merknader til tabellane i høve til den historiske utviklinga i tidsrommet 1965 - 1975.

I planperioden er det planlagt å bygge ut eit areal på 41 473 dekar i Sør-Trøndelag fylke. Av dette er omlag halvparten, 20 409 dekar, tenkt nyttar til bustader, medan om lag 30 prosent, eller 12 685 dekar, er lagt ut til industri- og lagerområde. Til forretnings- og sentrumformål og institusjonsformål er høvesvis 3 735 dekar og 2 912 dekar planlagt utbygd.

I perioden 1981 - 1984 er det planlagt å starte utbygging i planteiger med eit samla areal på 16 639 dekar, noko som utgjer 40 prosent av det planlagde utbyggingsarealet i perioden 1981 - 1992.

Det er etter måten store skilnader kommunane imellom når det gjeld planlagt utbyggingsareal pr. 1 000 innbyggjarar. Snillfjord toppar med heile 575 dekar, av dette er 192 dekar til bustadformål. Trondheim ligg lågstd med berre 69 dekar, av dette er 40 dekar til bustadsformål. Gjennomsnittet for Sør-Trøndelag er 169 dekar, fordelt på 83 dekar til bustader, 52 dekar til industri og lager og 34 dekar til andre formål. Dersom ein held Trondheim utanfor, vert planlagt utbyggingsareal pr. 1 000 innbyggjarar nær dobla. På grunn av storleiken har Trondheim ein svært dominerande stilling i fylket.

Kommunane i Trondheimsregionen har planlagt å nytte ein større andel av utbyggingsarealet til bustadformål enn i dei andre regionane, men dei vil samstundes nytte ein klart mindre andel til industriformål.

Trondheim er den kommunen som har planlagt å bygge ned størst areal, 9 261 dekar. Om lag 58 prosent av dette arealet er tenkt nyttar til bustadformål.

Kommunane i Sør-Trøndelag har kome betre i gang med generalplanarbeidet enn gjennomsnittleg for landet. 28 prosent av det planlagde utbyggingsarealet var med i generalplanar godkjende av Miljøverndepartementet og 20 prosent i planar vedtatt i kommunestyret. Nær ein fjerdedel av utbyggingsarealet var med i planar som ikkje var presentert i generalplansamanhang.

Vidare var 28 prosent av de planlagde utbyggingsarealet stadfesta regulert og 36 prosent under regulering pr. 1. januar 1981.

Byggeklart areal utgjorde 30 prosent eller 12 428 dekar av utbyggingsarealet. Om lag 63 prosent av det byggeklare arealet i planteigane var planlagt utbygt i perioden 1981 - 1984. Med byggeklart areal er meint utbyggingsareal der veg, vatn og kloakk er ført fram til feltet.

Det er planlagt utbygd 12 685 dekar til industri- og lagerformål i planperioden. Av dette var 3 253 dekar byggeklart pr. 1. januar 1981. Til samanlikning kan det nemnast at industriarealet i tettstadane med minst 1 000 innbyggjarar auka med omlag 2 200 dekar frå 1965 til 1975, frå omlag 4 000 dekar til omlag 6 200 dekar. For nær halvparten av det planlagde industriarealet var utbyggingstidspunktet ikkje avgjort.

To-tredelar av det planlagde utbyggingsarealet var i privat eige, medan kommunale og kommunale tomteselskap åtte 28 prosent. Kommunane hadde tenkt å erverve 43 prosent av arealet som var i privat eige.

Om lag 66 prosent eller 27 321 dekar av utbyggingsarealet var pr. 1. januar 1981 rekna som produktivt landbruksareal. Av dette var 11 119 dekar fulldyrka jordbruksareal og 14 228 dekar produktiv skog. Nær halvparten av det fulldyrka arealet og omlag to-tredelar av det produktive skogarealet er planlagt utnytta til bustadformål.

Planrekneskapen for Sør-Trøndelag gir ei planlagt nedbygging av jordbruksareal på om lag 13 100 dekar eller om lag 1 090 dekar årleg. I Trondheimsregionen, og spesielt i Trondheim kommune, vil utbygginga i større grad enn elles i fylket skje på dyrka mark.

Om lag 5 000 dekar jordbruksareal er planlagt nedbygt i tettstader med minst 1 000 innbyggjarar. I perioden 1965 - 1975 vart det nedbygt ca. 8 900 dekar i desse tettstadane. Landbruksdepartementet sin statistikk over tillate omdisponering av jordbruksareal i fylket syner at det i tida frå 1969 til 1980 var ein nedgang i slik omdisponering frå 1 050 dekar til 940 dekar pr. år. Dersom dei kommunale planane vert gjennomførde, vilde medføre ei større årleg omdisponering av jordbruksareal enn kva som var tillate i tida fra 1969 til 1980. På den andre sida var det i tettstader med minst 1 000 innbyggjarar planlagt ei klart mindre nedbygging av dyrka jord enn kva som faktisk vart omdisponert frå 1965 til 1975.

2. OPPLEGG OG GJENNOMFØRING

2.1. Omfang, metode og datagrunnlag

Kommunane er ikkje komne like langt i den fysiske planlegginga og har ulik praksis i utarbeidninga av arealbruksplanar. For å få eit einsarta materiale i planrekneskapen har ein valt å konsentrere seg om arealbruksplanar som inneholder byggjeformål og som vert rekna for å vere aktuelle for utbygging innanfor ein planleggingsperiode på 12 år. Det er i første rekke oversiksplanar på generalplannivå som har vorte nytte som datakjelde. I tillegg har opplysningar frå reguleringsplanar (detaljplanar) vorte trekt inn for å få eit fullstendig bilde av aktuelle utbyggingsplanar i kommunane.

Innsamlinga av data til planrekneskapane i prøvefylka vart gjort ved å intervjuer ansvarleg planleggjar ved teknisk etat i kommunane. Desse har god oversikt over plansituasjonen i "sin" kommune. Dei har også formidla kontakt til andre personar når det har vore naudsynt.

Registreringseininga i planrekneskapane er oversiksplanteigar, som vert definert som ei homogen og samanhengande planlagt arealbruksflate på minimum 2 dekar. Ein planteig skal berre innehalde eit utbyggingsformål, slik som den kjem fram på kommunen sitt oversiksplankart. Det vert skilt mellom planteigar som er regulert og planteigar som ikkje er regulert (oversiksplanar). Under intervjuet med planleggjaren i kommunen vart dei aktuelle planteigane teikna inn på kommunen sitt kartverk og seinare ført over på økonomisk kartverk i målestokk 1:5000. Arealmålinga av planteigane vart gjort ved prikkteljing eller med planimeter. Måleininga er dekar.

2.2. Datakvalitet

Alt statistisk materiale ber i seg større eller mindre grad av uvisse. Dette har ulike årsaker. I arbeidet med planrekneskapen kan slike feil skuldast målefeil, klassifiseringsfeil, kodefeil o.l. Definisjonane kan vere noko upresise, slik at det kan oppstå tolkningsproblem på enkelte punkt.

Datagrunnlaget som planrekneskapen byggjer på er etter måten lite homogent. Dei ulike kommunane er ikkje komne like langt i arbeidet med oversiksplanar. Praksis ved utarbeidning av utbyggingsplanar varierer også frå kommune til kommune. Døme på slike vanskar er kart med ulik målestokk og ulik praksis ved avgrensing mellom t.d. friområde og bustadsområde. Måten å oppgi formålsklassar som tekniske anlegg og institusjonsformål innenfor større planlagde bustadområde følgjer ikkje alltid same praksis. Resultatet er avhengig av arbeidet til intervjuaren og planleggjaren og deira høve til å skaffe gode oversyn over plansituasjonen etter dei kriterier planrekneskapen vert utarbeidd etter.

Kor godt datagrunnlaget er vil vere avhengig av kvaliteten på kartmaterialet. Dette vil til dømes få innverknad på den fysiske avgrensinga av planteigane. Det knyter seg også ei uvisse til oppgjevne utbyggingstidspunkt. Dette gjeld spesielt dei planteigar der utbygginga er planlagt å starte opp i slutten av planperioden med avslutting etter 1992. For nokre teigar var det ikkje nemnt/avklart kva område av teigen som skulle byggjast ut først. I slike høve har ein ved hjelp av planleggjarane i kommunane føretatt avgrensingar ut frå kva som synest rimeleg å byggje ut innan 1992.

Den noverande arealbruken er tatt frå økonomisk kartverk, som for Sør-Trøndelag er laga frå 1962 og framover til idag. Sjølv om det har vore endringar i arealbruken sidan dei eldste karta vart laga, er truleg eventuelle feil i klassifiseringa av noverande arealbruk små. Område som har vorte utbygt etter at økonomisk kartverk vart laga vil ikkje vere med i arealet i planteigane p.g.a. avgrensinga i planrekneskapen. Vidare kan t.d. nydyrkning, skogplanting og brakkledding ha endra forholdet mellom dei ubebygde arealklassane. Slike endringar vert vanlegvis ikkje registrert når økonomisk kartverk vert nytta. Men om det frå andre kjelder har kome slike opplysningar har dei vorte registrerte. Sjølv om det fører visse veikskapar med seg å nytte økonomisk kartverk, synest det å gi eit tilfredsstillande bilde av arealsituasjonen idag, særleg m.o.p. ressursane dyrkjingsjord, skogplantingsmark og uproduktive areal i landbruksamanheng.

I Sør-Trøndelag er det utarbeidd økonomisk kartverk for alle aktuelle planområde.

3. OMGREP OG KJENNTIEKN

Registreringseininga i planrekneskapen vert kalla planteig. Her følgjer ein omtale av dei eigenskapane som er registrert i samband med det planlagde arealet.

Identifikasjonsnummer

Dette nummeret er samansett av kommunenummer og registreringsår.

NGO-koordinatar

Midtpunktkoordinatane til planteigen vert registrert med ei grannsemd på 10 meter.

Kartbladreferanse

Registrerer planteigen sin kartbladreferanse til økonomisk kartverk i målestokk 1:5000.

Tilknyting til tettstad

Her vert plasseringa til planteigen i høve til nærmeste tettstad registrert.

- (i) Heile planteigen ligg innanfor tettstadsgrensa
- (ii) Planteigen ligg delvis innanfor og delvis utanfor tettstadsgrensa.
- (iii) Planteigen ligg utanfor tettstadsgrensa.

Definisjon av tettstadsgrense er gitt i prosjektet: "Arealbruk i tettsteder".¹⁾

Planteigstorleik

Alle planteigane vert målt ved prikkteljing eller med planimeter og storleiken vert gitt i antal dekar.

Byggeklart areal

Med byggeklart areal er meint areal dør dei kommunale grunnlagsinvesteringane (veg, vatn og kloakk) er ført fram til feltet. Den delen av planteigen som er byggeklar er oppgitt i antal dekar.

Eigarandel

Eigarandelane karakteriserer eigarforholdet innanfor planteigen i dekar. Følgjande eigartypar er registrerte: Privat, kommune, kommunalt tomteselskap, fylkeskommunalt, statleg, statsalmenning og kommunal almenning (bygdealmenning).

1) Ø. Engebretsen (1982).

Planlagt erverv av areal

Det er registrert i antal dekar kor mykje areal kommunen eller kommunalt tomteselskap har planar om å erverve innanfor dei ulike tidsintervall i planperioden (sjå oppdelinga av planperioden).

Formål

Utbyggingsformålet er gitt opp i samsvar med klassifisering av planlagt bruk. Sjå vedlegg 3.

Plankode

Det er registrert kor langt reguleringsarbeidet har kome i planteigen:

- (i) stadfesta regulert
- (ii) under regulerings
- (iii) anna

Reguleringsplannummeret

Her gir ein opp stadfestingsdatoen til stadfesta regulerete planteigar.

Planstatus

Her vert den formelle generalplanstatusen til planteigen registrert. Følgjande kjenneteikn er nytta:

Planteigen inngår i:

- (i) generalplan godkjend av Miljøverndepartementet
- (ii) generalplan vedtatt i kommunen
- (iii) generalplanutkast sendt fylkesutvalet for uttale
- (iv) anna

Utbyggingsperiode

Planperioden 1981 - 1992 er delt i følgjande delperioder:

- (i) planteigen vert utbygd i tidsrommet 1981 - 1984
- (ii) planteigen vert utbygd i tidsrommet 1985 - 1992
- (iii) utbygginga av planteigen startar opp i 1981 - 1984 og vert avslutta i 1985 - 1992.
- (iv) planteigen vil venteleg verte utbygd i perioden 1981 - 1992, men tidspunktet er ikkje nærarer fastlagt (veit ikkje)

Antal bustadeiningar

I planteigar med utbyggingsformål bustader er registrert antal planlagde bustader.

Kjelde for oppgjeving av arealsituasjonen

Grunnlaget for noverande arealklassifiseringar er økonomisk kartverk, der dette eksisterer. Det vert også registrert kor tid kartlegging er gjort. For område som ikkje er dekt av økonomisk kartverk, er det gjort bruk av andre løysingar som t.d. flyfoto. I slike tilfelle kan det vere vanskeleg å få gjort ei korrekt avgrensing av den noverande arealbruken.

Arealsituasjonen i planteigen

Arealsituasjonen i planteigen gir fordelinga av noverande arealbruk i planteigen i samsvar med hovudklassifiseringa i arealrekneskapen.¹⁾

1) Ø. Lone (1980).

4. PLANLAGD TILVEKST I BEBYGD AREAL

I dette kapittelet vert storleiken til det planlagde utbyggingsarealet, framdrifta i planlegginga og til kva arealformål det vert planlagd for, omtala. Vidare vil ein vurdere kor langt arbeidet med general- og reguleringsplanar har kome i dei einskilde kommunane. Til slutt i kapittelet er det tatt med opplysningar om kor mykje kommunane eig av det planlagde utbyggingsarealet og kor mykje dei har planar om å tilegne seg.

Oversyn over noverande arealbruk er gitt i kapittel 5, medan vedlegg 2 syner kommunegrensene og tettstader med 1 000 innbyggjarar eller fleire i Sør-Trøndelag.

4.1. Utbyggingsareal

Planrekneskapen omfattar dei planlagde utbyggingsområda som planleggjarane i kommunane meiner er aktuelle å bygge ut i planperioden 1981 - 1992, bortsett frå vegar og større veganlegg. Denne avgrensinga fører til at eventuell utbygging utanfor planteigane (spreidd bustadbygging og utbygging til landbruksformål) ikkje vert registrert, fordi det sjeldan er utarbeidd konkrete oversiktsplanar for slik utbygging.

Planlagt utbygging i kommunane er avhengig av mange forhold, som t.d. utvikling i talet på arbeidsplassar, demografiske forhold og den generelle økonomiske utviklinga. Desse faktorane endrar seg over tid og kan saman med interessekonfliktar med omsyn på arealbruken endre føresetnadane for omfanget av den planlagde utbygginga. Det er vanskeleg for kommunane å ha full kontroll over utviklinga i kommuneøkonomien med den informasjon og dei verkemiddel som dei har til rådevelde. Det vil stadig dukke opp nye behov og tidlegare føresetnader kan verte uaktuelle. Ei slik uvisse krev eit visst rom for fleksibilitet og at det er noko å gå på med omsyn til storleiken av det planlagde arealet. Dette kan igjen føre til at pianane er under stadig revidering.

For kommunane er det spesielt vanskeleg å rekne ut det framtidige arealbehovet for industri-verksemد. Tidlegare erfaringar syner at kommunane legg til rette store areal til industriformål for å stå sterkare i konkurransen ved eventuelle nytableringar. Planlegging av bustadfelt kan til dels bygge på usikre overslag når det gjeld t.d. utviklinga i kommuneøkonomien. Resultatet vert at utbyggingstempoet vert rekna for høgt i høve til det som syner seg å vere naudsynt. Ut frå uvissefaktorar og mangel på samordna planlegging er det derfor truleg at dei kommunale planane dekkjer eit større areal enn det som ville ha vore naudsynt om ein hadde hatt full informasjon om alle desse forholda. Om-synet til jordvern kan også føre til at kommunane må ha alternative utbyggingsplanar.

I Sør-Trøndelag er det planlagt å bygge ut eit areal på 41 473 dekar i perioden 1981 - 1992. Dette utgjer om lag 0,2 prosent av det totale landarealet på 18 831,4 km² i fylket. Talet på registrerte planteigar er 1 329. Gjennomsnittleg planteigstorlek vert då 31,2 dekar.

I planrekneskapen vert ein planteig eller del av ein planteig oppfatta som utbygd når opparbeidinga er sett i gang. For t.d. bustadteigar vil dette vere når utgravinga av tomter har tatt til. Dette har samanheng med at den fysiske strukturen har endra seg. Dersom utbygginga skjer etappevis, vil ein mellom to registreringstidspunkt definere deler av teigen som utbygd. Når det gjeld utbyggings-tidspunktet er det registrert tre alternativ ved sida av ukjent utbyggingstidspunkt (veit ikkje):

- (i) Planteigen vert venta utbygd i tidsrommet 1981 - 1984. Dvs. første del av perioden
- (ii) Planteigen vert venta utbygd i tidsrommet 1985 - 1992. Dvs. andre del av perioden
- (iii) Utbyggingsarbeidet i planteigen startar opp i perioden 1981 - 1984 og vert avslutta i andre delen av planperioden (1985 - 1992).
- (iv) Veit ikkje.

I dei planteigane som anten vert registrert under (i) eller (ii) vil utbyggingsarbeidet både verte sett igang og avslutta i same del av planperioden. Alternativ (iii) vil saman med koden "Veit ikkje" utgjere det som i enkelte tabellar vert definert som ufordelt med omsyn på utbyggingstidspunkt. Opplysningar om arealet på dei planteigane som vert bygt ut heilt eller delvis i første del av plan-perioden får ein ved å slå saman kategoriene (i) og (iii). I tabellane utgjer alternativa (i) og (iii) det som er definert som igangsett utbygging av planteigane 1981 - 1984.

I tabell 1 går det fram at for om lag 34 prosent av utbyggingsarealet vart det ikkje oppgitt noko tidspunkt for utbygging. I perioden 1981 - 1984 er det planlagt å starte arbeidet på 40 prosent eller 16 639 dekar av utbyggingsarealet. Ei nærmare spesifisering syner at 359 planteigar med tilsammen 6 759 dekar er venta ferdig utbygd i denne perioden, medan 231 teigar med i alt 9 880 dekar ikkje vil vere ferdig utbygd før i perioden 1985 - 1992.

Den årlege utbyggingstakten i kommunane i Sør-Trøndelag ser ut til å vere noko større dei fire første åra av planperioden enn dei åtte siste (tabell 1). Imidlertid vil ein stor del av det arealet som er planlagt starta utbygt i perioden 1981-84 ikkje vere ferdig utbygd før i perioden 1985 - 1992. Dersom ein ser på gjennomsnittleg ferdig utbygd areal pr. år, er 1 690 dekar venta ferdig utbygd pr. år i fireåresperioden 1981 - 1984, medan 2 575 dekar er planlagt ferdig utbygd pr. år i åtteårsperioden 1985 - 1992. Areal med ukjent utbyggingstidspunkt utgjer 34 prosent av det totale utbyggingsarealet mot mellom 13 og 15 prosent for dei tre andre prøvefylka.

Tabell 3 syner kor mykje areal dei einskilde kommunane har planlagt å bygge ut i perioden 1981 - 1992. Kommunane i Trondheimsregionen peikar seg klart ut m.o.p. planlagt utbyggingsareal. Om lag 44 prosent av det planlagde utbyggingsarealet i fylket er i denne regionen. Av dette er godt og vel halvparten i Trondheim kommune. I dei tre andre regionane varierer det planlagde utbyggingsarealet frå litt over 7 000 dekar til 9 000 dekar.

Tabell 1. Planlagt utbyggingsareal etter tidspunktet for byrja utbygging. Sør-Trøndelag 1981 - 1992

Planlagt utbyggings- areal i alt dekar	I alt	Byrja utbygging		
		1981 - 1984	1985 - 1992	Veit ikkje
41 473	100,0	40,1	25,9	34,0

4.2. Planstatus

I registreringsarbeidet er det gjort nytte av både oversiktsplanar på generalplannivå og reguleringsplanar. Retningslinene for utarbeiding av general- og reguleringsplanar er gitt i bygningslova av 1965.¹⁾ Generalplanen skal m.a. gje uttrykk for arealdisponeringa i kommunen på oversiktsplannivå og samstundes "tjene som rettleiing for utarbeiding av reguleringsplaner" (sjå § 20). Alle kommunar skal utarbeide generalplanar og kommunestyret eller formannskapet er ansvarlege for at dette arbeidet vert gjort. Reguleringsplanen er, i motsetning til generalplanen, ein juridisk bindande arealbruksplan og viser meir eller mindre detaljert korleis feltet er tenkt bygt ut.

Formålet med generalplanar er å samordne den fysiske, økonomiske og sosiale planlegginga i kommunane. Planperioden kan variere frå kommune til kommune, men periodar på 8 - 12 år er vanleg. Over så lang tid vil ofte føresetnader som planen byggjer på endre seg slik at revisjon og rullering av planen er naudsynt for at han skal kunne fylle dei funksjonar han er tenkt til. Generalplanen skal innehalde eit handlingsprogram der kommunen har prioritert og økonomisk vurdert dei oppgåver han er sett til eller har tatt på seg å løyse. Generalplanen skal altså gjere førehavinga av ein skildsaker lettare ved å setje desse inn i ein større samanheng.

Arbeidet med oversiktsplanlegginga i Norge har gått seint. Pr. 1. januar 1981 hadde 36 prosent av kommunane i landet ikkje utarbeidd generalplan eller generalplanforslag (tabell 2). Kommunane vart pålagde å utarbeide generalplan i 1965 (jfr. bygningslova § 20).

Tabell 2 syner at generalplanarbeidet pr. 1. januar 1981 var kome noko lenger i Sør-Trøndelag enn gjennomsnittleg for kommunane i landet.

I planrekneskapen er registrert både den formelle generalplansstatusen til planteigen og om planteigen er regulert eller ikkje.

1) Bygningslova av 18. juni 1965, med endringar sist ved lov av 12. juni 1981.

Tabell 3 syner kor langt oversiktsplanarbeidet i Sør-Trøndelag var kome pr. 1. januar 1981. 16 810 dekar eller om lag 41 prosent av arealet gjekk inn i generalplanar som var godkjende av Miljøverndepartementet. Dette er ein høg andel samanlikna med dei tre andre fylka det er utarbeidd planrekneskap for. Om lag 41 prosent eller 16 914 dekar av utbyggingsarealet inngjekk i generalplanutkast på eit tidleg førehavingsstadium, eller i planar som ikkje var presentert i kommunale generalplanar.

Generalplanarbeidet var kome kortare i Nord-Fosen enn i dei tre andre regionane. Nærare 90 prosent av det planlagde utbyggingsarealet i denne regionen var med i generalplanforslag som ikkje hadde vore handsama politisk eller i andre planar enn oversiktsplanar. I dei andre regionane var etter måten mykje planlagt utbyggingsareal med i godkjende generalplanar. Også mykje utbyggingsareal var med i planar som var kome kort i generalplanprossesen eller som ikkje var handsama i generalplansamanhang i det heile. Det var lite areal med i planar på mellomstadia i generalplanprosessen. Regionen Orkdal/Hitra-Frøya såg ut til å ha best framdrift i generalplanarbeidet.

Kommunane Ørland, Bjugn, Meldal, Orkdal, Røros og Melhus hadde godkjende generalplanar pr. 1. januar 1981. Trondheim og Oppdal hadde godkjende generalplanar for deler av kommunen. Pr. 1. januar 1983 hadde ialt 12 kommunar i Sør-Trøndelag godkjende generalplanar.

Det planlagde utbyggingsarealet omfattar så vel areal regulert gjennom stadfesta reguleringsplan eller utlagt i godkjent generalplan som arealet føreslått utbygd i meir eller mindre utarbeide planforslag. Omfanget av registrerte planforslag vil variere frå kommune til kommune avhengig av planleggingssituasjonen og planleggjarane sine vurderingar. Sannsynet for at arealplanar som berre er med i planforslag skal verte realiserte er truleg mindre enn for andre registrerte planar. Fordelinga etter planstatus i tabell 3 gir derfor ein peikepinn på omfanget av registreringane og sannsynet for at planane vert realiserte i dei einskilde kommunane.

Tabell 3 viser vidare at fleire av kommunane med godkjend generalplan har ein del planlagt utbyggingsareal med generalplanstatus "anna". Spesielt mykje har kommunane Ørland og Bjugn. For Bjugn sitt vedkommande utgjer eit industriområde det alt vesentlege av dette arealet, medan Ørland også har lagt ut store nye bustadfelt. Det er spesielt håpet om å dra til seg verksemd i samband med oljeaktiviteten utanfor Midt-Norge som har skapt nye planføresetnader.

I tabell 4 går det fram at av det arealet som er tenkt utbygt i perioden 1981 - 1984 er 47 prosent med i godkjent generalplan, medan om lag 27 prosent av det planlagde utbyggingsarealet i perioden 1985 - 1992 er godkjent i generalplansamanhang. Sjølv om kommunane i Sør-Trøndelag ligg lengre framme i generalplanarbeidet enn gjennomsnittleg for landet, er ein stor del av utbyggingsarealet, 41 prosent, med i generalplanutkast i tidleg fase eller ikkje vurdert i generalplansamanhang i det heile. Det kan bl.a. nemnast at 44 prosent (6 192 dekar) av det planlagde industriarealet er med i denne gruppa.

Generalplanen skal i utgangspunktet vere vegleiande for detaljplanarbeidet i kommunane. I Sør-Trøndelag var 28 prosent av det planlagde utbyggingsarealet i planperioden stadfesta regulert (tabell 5). Av det som er venta utbygt i tida 1981 - 1984 er nær 52 prosent stadfesta regulert, medan det tilsvarande talet for perioden 1985 - 1992 berre er om lag 10 prosent.

Av tabell 6 går det fram at andelen av stadfesta regulert areal er størst for det utbyggingsarealet som er kome lengst i generalplanarbeidet, dvs. godkjent av Miljøverndepartementet eller vedtatt i kommunen.

Ein del av utbygginga vil truleg skje utan å ha vore vurdert i generalplansamanhang. Det kan vere fleire grunnar til dette. Oversiktsplanarbeidet er rekna for å vere tidkrevjande, medan det truleg er mindre ressurskrevjande å fremje planforslag som einskildsaker i form av reguleringsplanar. Vidare har kommunane meir erfaring og kompetanse i arbeidet med reguleringsplanar enn med generalplanar. Ein annan grunn kan vere at godkjende generalplanar kan vere forelda grunna manglende oppdatering. Nye planforslag vert fremja utan at generalplanen vert revidert.

Tabell 2. Status i generalplanarbeidet pr. 1. januar 1981 for kommunane i Sør-Trøndelag og i heile landet.¹⁾

Antal kommuner i alt	General plan god- kjent av Miljøvern- departe- mentet	General- plan ved- tatt i kommunen	General- plan som har vore til uttale i fylkes- utvalet	Ferdig general- plan- forslag	Ikkje ut- arbeidd general- plan
					Prosent
Heile landet ²⁾	452	100	24	13	16
Sør-Trøndelag	25	100	28	20	16

1) Kjelde: Generalplanoversikt pr. 1. januar 1981, Planavdelinga Miljøverndepartementet.

2) Kvitsøy og Utsira er unntatt fra reglane i bygningslova.

Tabell 3. Planlagt utbyggingsareal etter kommune og generalplanstatus. Sør-Trøndelag 1981 - 1992. Dekar

Region/ Kommune	Planlag ut- byggingsareal i alt	Generalplanstatus pr. 1. januar 1981				Anna ¹⁾
		Generalplan godkjent av Miljøvern- departementet	Generalplan vedtatt i kommunen	Generalplan- forslag over- sendt fylkes- utvalet for uttale		
I alt	41 473	16 810	3 910	1	3 839	16 914
Nordre Fosen	6 949	707				6 242
Ørland	1 452	203				1 249
Rissa	1 826					1 826
Bjugn	1 419	504				915
Afjord	1 165					1 165
Roan	515					515
Osen	572					572
<u>Orkdal/Hitra-Frøya</u>	7 461	2 685	1 643	1 172		1 961
Hitra	1 172			1 172		
Frøya	1 037					1 037
Hemne	935		935			
Snillfjord	708		708			
Agdenes	369					369
Meldal	1 545	1 174				371
Orkdal	1 695	1 511				184
<u>Oppdal/Røros</u>	8 922	4 148	1 361			3 413
Oppdal	2 421	2 150				271
Rennebu	1 039					1 039
Røros	1 998	1 998				
Holtålen	589					589
Midtre Gauldal	1 514					1 514
Selbu	1 021		1 021			
Tydal	340		340			
<u>Trondheimsregionen</u>	18 141	9 270	906	2 667		5 298
Trondheim	9 261	5 892				3 369
Melhus	3 664	3 378				286
Skaun	1 643					1 643
Klæbu	906		906			
Malvik	2 667			2 667		

1) Denne gruppa omfattar det planlagde utbyggingsarealet som er med i generalplanutkast eller revisjon av tidlegare plan på et tidlig stadium i generalplanprosessen, dessutan planar som ikke er presentert i kommunale generalplanar.

Tabell 4. Planlagt utbyggingsareal etter utbyggingsperiode og generalplanstatus. Sør-Trøndelag 1981 - 1992

Utbyggings- periode	Planlagt ut- byggingsareal i alt	Generalplanstatus pr. 1. januar 1981			
		Generalplan godkjent av Miljøvern- departementet	Generalplan vedtatt i kommunen	Generalplan- forslag over- sent fylkes- utvalet for uttale	Anna ¹⁾
	Dekar			Prosent	
I alt	41 473	100,0	40,5	9,4	9,3
1981 - 1984	6 759	100,0	46,9	11,2	4,9
1985 - 1992	10 738	100,0	26,7	4,6	15,9
Ufordelt ²⁾	23 976	100,0	44,9	11,1	7,5
					36,4

1) Sjå note til tabell 3. 2) Omfattar planteigar der utbyggingsarbeidet venteteg vil starte opp i delperioden 1981 - 1984 og der arbeidet vil verte slutført i delperioden 1985 - 1992 i tillegg til dei planteigar som har ukjent utbyggingstidspunkt.

Tabell 5. Planlagt utbygginsareal etter utbyggingsperiode og reguleringsplanstatus. Sør-Trøndelag 1981 - 1992

Utbyggingsperiode	Planlagt ut- byggingsareal i alt	Reguleringsplanstatus pr. 1. januar 1981		
		Stadfestat regulert	Under regulering	Ikkje stadfestat regulert eller under regulering
	Dekar			Prosent
I alt	41 473	100,0	27,8	36,4
1981 - 1984	6 759	100,0	51,7	38,6
1985 - 1992	10 738	100,0	10,1	42,5
Ufordelt ¹⁾	23 976	100,0	29,1	33,1
				37,9

1) Sjå note 2 til tabell 4.

Tabell 6. Planlagt utbyggingsareal etter generalplanstatus og reguleringsplanstatus. Sør-Trøndelag 1981 - 1992

Generalplan- status pr. 1. januar 1981	Planlagt ut- byggingsareal i alt	Reguleringsplanstatus pr. 1. januar 1981		
		Stadfestat regulert	Under regulering	Ikkje stadfestat regulert eller under regulering
	Dekar			Prosent
I alt	41 473	100,0	27,8	36,4
Generalplan godkjent av Miljøverndepartementet ..	16 810	100,0	34,2	32,3
Generalplan vedtatt av kommunen	3 910	100,0	32,7	28,4
Generalplanforslag over- sendt fylkesutvalet for uttale	3 839	100,0	17,4	19,8
Anna ¹⁾	16 914	100,0	22,8	46,1
				31,1

1) Sjå note til tabell 3.

4.3. Utbyggingsformål og byggekart areal

I samband med registreringa av utbyggingsformål vart det utarbeidd eit eige forslag til klassifisering av planlagt bruk.¹⁾ Hovudformålet med ei slik klassifisering er å finne ut kor store areal som er planlagt til ulike formål i dei kommunale oversiktsplanane. I dette kapittelet vil ein studere ulike variasjonar i hovudklassane bustad, industri, forretning og sentrum, institusjon og tekniske anlegg med omsyn på storleik, utbyggingstidspunkt, byggeklart areal og reguleringsplanstatus. Tilfredsstillande opplysningar om fritidshus var vanskeleg å få tak i, slik at areal til dette formålet er utelate i analysen. Vedlegg 1 inneholder ei nærmare utgreiing om dei ulike utbyggingsformåla.

1) T. Vogt (1981)

Tabell 7 syner kor mykje av det planlagde utbyggingsarealet kommunane planlegg å nytte til dei ulike formåla. Tabellen gir berre den relative fordelinga. Planlagt bustadareal og industriareal pr. 1 000 innbyggjarar i kvar kommune er vist ved hjelp av stolpediagram i figur 1. For å få dei geografiske variasjonane betre fram, er planlagt bustadareal pr. 1 000 innbyggjarar også presentert i kartform (figur 2).

For Sør-Trøndelag fylke utgjer planlagt areal til bustadformål 49 prosent av det totale planlagde utbyggingsarealet på 41 473 dekar (tabell 7). Areal til industri og lager utgjer 31 prosent. Til dei tre formåla forretningar og sentrum, institusjonar og kommunikasjon og tekniske anlegg er det planlagt å nytte høvesvis 9, 7 og 2 prosent, medan 2,5 prosent er planlagt til andre formål.

Det er stor variasjon frå kommune til kommune når det gjeld andel av areal til dei ulike formåla. Skaun er den kommunen som har lagt ut størst andel til bustadformål. Dette utgjer 69 prosent av det planlagde utbyggingsarealet. Bjogn peikar seg ut med minst andel til bustadformål (15 prosent), men har til gjengjeld størst andel planlagt til industriformål med 75 prosent. Mesteparten av dette, om lag 900 dekar, er eit industriområde med tilhøyrande kai-anlegg som vart lagt ut med tanke på å få i stand verksemd i samband med oljeaktiviteten utanfor Midt-Norge.

På region-nivå peikar Trondheimsregionen seg ut med størst andel areal planlagt til bustadformål og klart minst andel lagt ut til industriformål.

Andelen av forretnings- og sentrumsareal er størst i kommunane Tydal, Trondheim og Snillfjord med frå 16 til 21 prosent av samla utbyggingsareal. Absolutt sett har Trondheim planar om å bygge ut størst arealet til dette formålet med 1 650 dekar. Som det seinare vert kome attende til, er planlagt utbyggingsareal til dette formålet det mest usikre med omsyn på utbyggingstidspunkt.

Det bør nemnast at sidan nedre storleksavgrensing for ein planteig er 2 dekar, vil eit formål som er planlagt å utgjere mindre enn denne grensa anten ikkje kome med i rekneskapen eller kome under ein annan formålsklasse. Oversiktspelanar er generelle arealplanar. Areal til andre formål enn hovudformålet vert derfor ikkje alltid tatt spesielt med i planen. Til dømes er areal til nærbutikk og barnehage i planlagde bustadområde ikkje alltid spesielt eller berre reint skjematisk tatt med.

Når det gjeld planlagt areal til institusjonar har Midtre Gauldal størst andel (15 prosent). Meir enn to-tredalar av dette arealet er planlagt nytta til sport og idrett. Røros har lagt ut mindre enn 1 prosent til institusjonsareal.

Planlagt areal til andre formål enn hovedklassane utgjer etter måten lite på fylkesbasis, men i enkelte kommunar utgjer dette arealet ein stor del av det planlagde utbyggingsarealet. Dette gjeld i første rekkje kommunane Melhus, med innpå fjerdedelen av utbyggingsarealet, og Tydal, med 18 prosent. Det aller meste av dette arealet er planlagt nytta til turistformål eller friområde.

Dersom ein ser på planlagt utbyggingsareal pr. 1 000 innbyggjarar pr. 1. januar 1981 (figur 1), er det verdt å legge merke til at det berre er ein kommune som har mindre planlagt utbyggingsareal enn gjennomsnittet for alle kommunane i fylket, nemleg Trondheim. Denne kommunen har naturleg nok ein dominerande stilling i fylket fordi over halvparten av innbyggjarane i Sør-Trøndelag bur her. Det gjennomsnittlege planlagde utbyggingsarealet i Sør-Trøndelag er 169 dekar pr. 1 000 innbyggjarar, av dette er 83 dekar til bustadformål. I Trondheim er det planlagt utbygd 69 dekar pr. 1 000 innbyggjarar, av dette 40 dekar til bustadformål. Snillfjord er den kommunen som har planlagt mest pr. 1 000 innbyggjarar, nemleg 575 dekar. Dette arealet er sett saman av 192 dekar til bustadformål, 282 dekar til industriformål og 101 dekar til andre formål.

Dersom Trondheim ikkje vert rekna med, får ein følgjande planlagt utbyggingsareal pr. 1 000 innbyggjarar: 138 dekar til bustadformål, 102 dekar til industri- og lagerformål og 54 dekar til andre formål. I alt vert dette 294 dekar pr. 1 000 innbyggjarar.

Utbyggingstidspunkta for dei ulike formålsklassane vert presentert i tabell 8. For bustadteigar er det mogeleg å tidfeste tidspunktet for byrja utbygging innanfor dei to tidsperiodane for det meste av arealet. Arealet av dei bustadteigane der utbygginga er venta å kome igang i tidsrommet 1981 - 1984 utgjer 49 prosent eller 10 022 dekar av det samla planlagde utbyggingsarealet for bustader. Men berre ein del av dette arealet vil verte ferdig utbygd i dette tidsrommet. Areal planlagt til bustader som er venta sluttført i perioden 1981 - 1984 utgjer 4 468 dekar. Usikkert tidspunkt for byrja utbygging gjeld om lag 17 prosent av arealet planlagt til bustadformål.

Det rår stor uvisse i samband med den planlagde utbygginga av areal til industri- og lagerformål. For 49 prosent av arealet kunne kommunane ikkje uttale seg om kor tid dei trudde utbygginga ville finne stad. Dette har truleg samanheng med at det er vanskeleg for den enkelte kommune å seie noko om kor tid og kva type verksemder som vil spørje etter areal. Mykje tyder også på at mange kommunar ynskjer å ha ein del areal i reserve for å kunne sikre seg eventuell etablering av industriverksemder.

Når det gjeld utbygginga av forretnings- og sentrumsareal er utbyggingstidspunktet endå meir uvisst enn for industri- og lagerarealet. For heile 60 prosent av dette arealet er utbyggingstidspunktet ikkje klarlagt. Spesielt kommunane Røros og Klæbu peikar seg ut i og med at alt planlagt utbyggingsareal til dette formålet har ukjent utbyggingstidspunkt. Også Trondheim merkar seg ut fordi 1 267 dekar av 1 666 dekar til forretnings- og sentrumsformål har utbyggingstidspunkt "Veit ikkje".

Tabellane 9, 10 og 11 syner kor mykje areal som pr. 1. januar 1981 var byggeklart og korleis dette varierte med utbyggingstidspunkt, reguleringsplanstatus og ulike formål.

Med byggeklart areal er meint utbyggingsareal der veg, vatn og kloakk er ført fram til feltet. I denne avgrensinga skulle ein ta omsyn til den kapasiteten infrastrukturen var dimensjonert til. Dette tyder at sjølv om veg, vatn og kloakk er ført fram til feltet, så vil ikkje alltid planteigen vere med i det som vert kalla byggeklart areal. Slike avgrensingar vil verte gjenstand for vurderingar, som kan gi utsLAG i målefeil. Tolkninga av omgrepene "byggeklart" kan også ha variert noko frå kommune til kommune. Desse momenta kan ha gjort resultata noko usikre og ein bør vere klar over dette ved analyse av datamaterialet.

Arbeidet med å gjere utbyggingsfelta byggeklare går truleg nokså parallelt med sjølve utbygginga av felta. Dette gjeld spesielt dei utbyggingsformål kommunen har best styring med, t.d. bustad. Det vil også vere utgifter i samband med å ikkje bygge ut dei felta som er gjort byggeklare.

Byggeklart areal utgjer 30 prosent eller 12 428 dekar av det samla planlagde utbyggingsarealet i Sør-Trøndelag. Av dette er 4 677 dekar tenkt nytt til bustadformål, medan vel ein firedel eller 3 253 dekar er planlagt til industri- og lagerformål (tabell 9). Størst andel av byggeklart areal, mellom 55 og 65 prosent, har formålsklassane forretning og sentrum, institusjon og kommunikasjon og tekniske anlegg. Dette har truleg samanheng med den tettstadtilknytinga desse formåla ofte har.


Av tabell 10 går det fram at godt over 60 prosent eller 7 762 dekar av det byggeklare arealet er i planteigar med venta utbyggingsstart i perioden 1981 - 1984. Noko overraskande er den store andelen av byggeklart areal med ukjent utbyggingstidspunkt, nemleg 28 prosent. Frå før veit ein at mykje av det planlagde industri- og lagerarealet, forretnings- og sentrumsarealet og institusjonsarealet ikkje har noko definert utbyggingstidspunkt innanfor planperioden. Desse utbyggingsformåla utgjer også ein stor del av det byggeklare arealet med ukjent utbyggingstidspunkt.

Elles er mykje av arealet som er planlagt byrja utbygd i perioden 1981 - 1984 ikkje byggeklart. I absolute tal utgjer dette nær 8 900 dekar, altså meir enn det byggeklare arealet som er på 7 762 dekar.


Tabell 11 syner at andelen av byggeklart areal aukar dess lengre ein er komen i reguleringsplanprosessen. Om lag 53 prosent av dette arealet er stadfesta regulert. Når det gjeld ikkje byggeklart areal er situasjonen motsett. 17,5 prosent av denne typen areal er stadfesta regulert.

I denne rapporten vil det ikkje verte føretatt noko overslag over arealbehovet i planrekneskaps-perioden ut frå ei venta økonomisk utvikling, men ein vil knyte nokre merknader til tala i tabell 16 og 17 i kapittel 5.1. Desse tabellane syner at i 1975 var industriarealet i tettstader med 1 000 innbyggjarar og fleire om lag 6 200 dekar. Ein kan altså rekne med at den planlagde utbygginga av industriareal i perioden 1981 - 1992 er meir enn dobbelt så stort som det eksisterande industriarealet i Sør-Trøndelag. Byggeklart industriareal utgjer om lag 3 250 dekar. Til samanlikning kan det nemnast at tettstader med 1 000 innbyggjarar eller fleire hadde ein vekst i industriareal på 2 150 dekar i perioden 1965 - 1975.

Figur 1. Planlagt utbyggingsareal pr. 1 000 innbyggjarar totalt og til bustad- og industri- og lagerformål. Sør-Trøndelag. 1981-1992



Figur 2. Planlagt utbyggingsareal til bustadformål pr. 1 000 innbyggjarar.
Sør-Trøndelag. 1981-1992



Tabell 7. Planlagt utbyggingsareal etter kommune og formål. Sør-Trøndelag 1981 - 1992

Region Kommune	Planlagt ut- byggingsareal i alt	Bu- stad	Formål				Kommuni- kasjon og tek- niske anlegg	Anna niske
			Industri og lager	Forret- ningars og sentrum	Institu- sjon			
Dekar	Prosent							
I alt	41 473	100,0	49,2	30,6	9,0	7,0	1,7	2,5
<u>Nordre Fosen</u>	6 949	100,0	40,2	44,5	7,1	5,7	2,4	-
Ørland	1 452	100,0	47,1	31,3	11,2	5,4	5,0	-
Rissa	1 826	100,0	48,1	37,7	8,8	5,3	0,2	-
Bjugn	1 419	100,0	14,8	75,0	3,0	3,9	3,4	-
Afjord	1 165	100,0	48,1	35,1	5,8	8,7	2,3	-
Roan	515	100,0	43,9	38,4	8,2	7,6	1,9	-
Osen	572	100,0	32,7	55,1	4,9	5,9	1,4	-
<u>Orkdal/Hitra-Frøya</u>	7 461	100,0	47,0	38,7	5,2	7,3	1,4	0,3
Hitra	1 172	100,0	56,6	28,9	3,9	7,8	2,8	-
Frøya	1 037	100,0	51,1	31,6	2,1	9,0	6,2	-
Hemne	935	100,0	40,9	42,1	8,2	8,8	-	-
Snillfjord	708	100,0	33,3	49,0	16,1	1,3	0,3	-
Agdenes	369	100,0	38,5	52,3	3,0	1,4	-	4,9
Meldal	1 545	100,0	61,4	30,3	2,1	6,0	0,2	-
Orkdal	1 695	100,0	35,9	48,3	5,2	10,3	-	0,2
